

**Notat****Dato**

LEIKANGER, 23.05.2019

Kulturmidlar 2019 - arrangørar og spel - vurdering og vedtak

Sokjaroversyn:

Sokjar	Tiltak	Søknadssum	Tilskot 2019
Elskhug og eksis	Spelet Elskhug og eksis i 2019	80 000	50 000
Stadlandet ungdomslag	Spelet "På Sverdeggja"	50 000	30 000
Kinnaspelet	Kinnaspelet 2019	100 000	100 000
Askvoll kommune	Søknad om tilskot til Dalsfjordveka	30 000	15 000
Danseverkstedet Jorunn Reina	Rekruttskullen "Grand Jete" - klassisk ballett	50 000	20 000
Norske symfoniorkestres landsforbund	Vestlandsk Sommarsymfoni på Nordfjordeid	20 000	0
Pederhusets venner	Pederhusveka 2019	50 000	30 000
Oratoriesolistene DA	Petit Messe Solenelle med OratorieSolistene — Vestlandsturné	60 000	20000
Skei Dansegalla	Årleg dansegalla på Skei. Drift og utstyr	30 000	0
Holkerock	Lokal festival/konsert - rock i Holmedal	50 000	0
Havblikk	Musikkfestival på Fanøy.	20 000	0
Anders Alvor Gjengedal Nydal	Fylkesturne med Hakkebakkeskogen	20 000	0
Maritime Bergen	"På sjøen" - konferanse for "seilende" kvinner		0
SUM		560 000	265 000

Vurdering og vedtak:

Tiltak: 19/2138-5	Elskhug og Eksis 2019	Sokjar:	Elskhug og Eksis
Innhald:	I 2019 er det 9. gongen Elskhug og eksis vert sett opp i friluftsamfiet i Malakoff på Nordfjordeid. Det historiske lystspelet vert framført kvart andre år, og handlinga er lagt til 17. mai 1895. Dette er historia om korleis det moderne Norge vart til, om lausrivinga frå Sverige, framveksten av dei politiske partia, nynorsk og flagget. Samtidig er det historia om ein stad – Nordfjordeid – som i nokre intense månader kvart år var det militære senteret på Nordvestlandet på denne tida. Ca. 180 aktørar deltek og om lag halvparten er born/ungdom. Lag og organisasjonar er sterkt involvert. Det er forventa tilskot frå kommunen, Norsk Kulturråd og sponsorar.		
Vurdering:	Det har vist seg dei unge som har vore med på Elskhug og eksis i tillegg til å gjere det svært godt innan song, dans og drama, også får solid arrangørkompetanse og at dei kan mykje om organisasjonsutvikling. Dette er varige verdiar for komande generasjonar. Fylkesdirektøren ser det som eit godt tiltak med historiske spel som er med å løfte fram historia på staden. Arrangementet er eit samarbeid mellom lag og organisasjonar. Det vert lagt ned mykje dugnadsarbeid og barn og unge er sterkt		

	involvert. Kulturrådet har løyvd midlar til spelet i 2019. Fylkesdirektøren forventar kommunal løyving, og løyver midlar til Elskhug og Eksis.			
Budsjett:	633 000	Søknadssum:	80 000	Vedtak:

Tiltak: 19/2138-4	Kinnspelet 2019	Søkjar:	Kinnaspelet	
Innhald:	Kinnaspelet, Songen ved det store djup Kinnaspelet er eit historisk spel som vert framført kvart år ved middelalderkyrkja på øya Kinn i Flora kommune. Spelet går føre seg under reformasjonen i 1537 ved overgangen frå katolsk til protestantisk kyrkje i Norge, og er basert på sagnet om St Sunniva og søstera hennar Borni som kom frå Irland til Norge kring år 1100 og bygde kyrkja på Kinn. Spelet vert framført for 35.gong med 4 forestillingar i 2019. Spelet vert gjennomført av frivillige i eit samarbeid med Sogn og Fjordane Teater. Det vert særleg satsa på å rekruttere barn og unge til å delta på Kinnaspelet. I 2019 vert det i tillegg til teaterframstykking ein konsert med Sigrid Moldestad, noko som vil medføre ekstrakostnad. Det vert også ekstrakostnad med utvikling av meir tidsretta amfi, utbygging av nett, innkjøp av utstyr og fornying av kostymer.			
Vurdering:	Fylkesdirektøren ser det som eit godt tiltak med historiske spel som er med å løfte fram historia på staden. Arrangementet er eit samarbeid mellom lag og organisasjonar. Det vert lagt ned mykje dognadsarbeid og barn og unge er sterkt involvert. Det er løyvd midlar frå Kulturrådet og Flora kommune. Fylkesdirektøren ser på Kinnaspelet som eit viktig arrangement og løyver midlar til Kinnaspelet.			
Budsjett:	1,95 mill	Søknadssum:	100 000	Vedtak:

Tiltak: 19/2138-3	«På Sverdeggja»	Søkjar:	Stadlandet ungdomslag	
Innhald:	Dragseidspelet «på Sverdeggja» er eit historisk spel frå året 997, som vert framført på Dragseidet på Stadlandet. Spelet vil markere store viktige hendingar som etter historia har funne stad på Dragseidet. Spelestaden er eit oppbygd vikingstun på staden der kristninga i fylge historiske kjelder fann stad i 997. Målsetjinga er å formidle historie for å skape rotkjensle og identitet, stimulere til dognadsånd og gje mestringsfølelse og tilfredshet ved å få vere del av eit stort arrangement. Det er stort sett lokale aktørar og ein stor del barn og unge. Det er forventa kommunalt tilskot og sponsorinntekter.			
Vurdering:	Fylkesdirektøren ser på som eit godt tiltak innan historiske spel som er med å løfte fram historia på staden. Det er løyvd midlar frå Kulturrådet. Fylkesdirektøren forventar kommunalt tilskot, og løyver fylkeskommunale midlar til spelet «På Sverdeggja».			
Budsjett:	425 000	Søknadssum:	50 000	Vedtak:

Tiltak: 19/2138-8	Dalsfjordveka	Søkjar:	Askvoll kommune
Innhald:	Dalsfjordveka er eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane Askvoll, Fjaler og Gauldal, og har sidan 1997 vorte ei etablert overbygging for kulturlivet langs Dalsfjorden og er godt innarbeidd i regionen. I tillegg til kunstnarlege arrangement,		

	inneheld Dalsfjordveka og arrangement som har fokus på folkehelse. Kommunane sitt føremål med Dalsfjordveka er å løfte lokale kulturarrangement, skape ein felles identitet og vise fram bredda i kulturlivet i regionen.			
Vurdering:	Fylkesdirektøren ser på Dalsfjordveka som eit viktig samarbeidsprosjekt mellom 3 kommunar. Gjennom større kulturarrangement vert kulturlivet i regionen synleggjort på ein positiv måte. Fylkesdirektøren føreset kommunal medfinansiering, og løyver fylkeskommunale midlar.			
Budsjett:	110 000	Søknadssum:	30 000	Vedtak: 15 000

Tiltak: 19/2138-7	Danseverkstedet	Søkjar:	Danseverkstedet Jorunn Reina			
Innhald:	Rekruttskulen «Grand Jete» søker om midlar til vidare arbeid mot nye danseksamenar i klassisk ballett i RAD-systemet. Rekruttskulen skal legge til rette for at elevar som er interessert i dans skal få heva dansekompasen og kvalifisere seg vidare i faget. Danseelevane er frå 9 år og oppover og frå fleire kommunar i fylket. Rekruttskulen vil skape ein møteplass for barn og ungdom frå heile fylket som vil fordjupe seg i scenisk dans med hovudvekt på klassisk ballett. Samarbeider med andre danseskular i fylket. Det vert søkt om kulturmiddlar til vidare arbeid mot nye danseksamenar, samarbeid med Bergen Dansesenter og kurs/arbeid med å få fleire elevar på hospitering ved Operaens ballettskule					
Vurdering:	Rekruttskulen sitt arbeid er retta mot barn og unge er prioriterte målgrupper i kulturplanen. Danseinteressa mellom barn og unge har auka mykje dei siste åra og Danseverkstaden vil gje dei kunnskap om faget, utdanning og karriereval. Fylkesdirektøren løyver midlar til danseverkstaden					
Budsjett:	163 000	Søknadssum:	50 000	Vedtak: 20 000		

Tiltak: 19/2138-6	Vestlandsk Sommarsymfoni	Søkjar:	Norske Symfoniorkester			
Innhald:	Vestlandsk sommarsymfoni er eit kurstilbod til vaksne amatørmusikarar frå heile landet. Prosjektet er landsomfattande og har sidan 1979 vore arrangert årleg på Nordfjordeid. Kurset omfattar gruppeprøver med profesjonelle musikarar og lærarar som instruktørar. Det vert arrangert fleire konsertar og med avslutningskonsert i Operahuset.					
Vurdering:	Fylkeskommunen støttar det symfoniske tilbodet gjennom si støtte til Sogn og Fjordane symfoniorkester, Gloppen musikkfest og avtalen med BFO. I tillegg er distriktsmusikargruppene viktige bidragsytarar til den klassiske sjangeren i fylket. På dette grunnlaget vert søknaden frå Vestlandsk Sommarsymfoni avsleget.					
Budsjett:	636 000	Søknadssum:	20 000	Vedtak: 0		

Tiltak: 19/2138-2	Pederhuset (VSS) i 2019	Søkjar:	Pederhusets vener	
Innhald:	Pederhuset er eit spelemannshus på Breim i Nordfjord. Sidan 2016 har artist og musikar Sigrid Moldestad og foreininga "Pederhusets vener" jobba dugnadsbasert for å ta vare på huset og renovere det. I si tid budde spelemannen Peder Råd (1915-1997) i huset. Han var ein viktig inspirator og læremeister for Sigrid Moldestad og spelemannsmiljøet i Breim. Hovudtanken med huset er å gjere det om til eit "påminningshus" for ulike kulturelle uttrykk med hovudvekt på tradisjon og formidling. Det vert søkt om tilskot til gjennomføring av Pederhusveka 2019. Pederhusveka er ei kulturell påminning for identitet, menneskeleg verdiskaping, tradisjon, musikk og forteljingar. Det er for 2019 utforma program med ulike			

	artistar/arrangement.			
Vurdering:	Programmet som er utforma og skal gjennomførast i «Pederhusveka» er variert, der både nynorsk og folkemusikken er teken vare på. Det er sett opp som eit variert barne og familieprogram og er i tråd med føringar i regional plan for kultur der det vert lagt vekt på nynorsk språk, folkemusikken og sampel mellom profesjonelle og amatørar. Fylkesdirektøren løyver fylkeskommunale midlar til Pederhusveka i 2019.			
Budsjett:	380 000	Søknadssum:	50 000	Vedtak: 30 000

Tiltak: 19/2138-1	Petus Messe Solenell	Søkjar:	Oratoriesolistene DA			
Innhald:	Oratoritesolistene vart stifta i 2018 med det formål å framføre oratorier og andre kyrkjemosikalske verk med fokus på turneverksem. Det vert søkt om midlar til turne på Vestlandet. Hovudvekta av turneen er lagt til Sogn og Fjordane. 3 av 4 songarar som deltek kjem opprinnleig frå Sogn og Fjordane. Turneen er tenkt dekka opp av offentlege tilskot og billettinntekter.					
Vurdering:	<p>Hovudutval for næring og kultur har gjort vedtak som gjeld føringar og prioritering av kulturmiddlar. Her blir det slått fast at fylkeskommunen skal vere regional utviklar.</p> <p>Kunstnarane bak prosjektet har sterkt tilknyting til Sogn og Fjordane, og det er ønskeleg å bidra til at yngre free-lance-musikarar også ser på Sogn og Fjordane som ein interessant stad å turnere. Under føresetnad av at det vert gjennomført minimum tre konserter i Sogn og Fjordane, vert turneen støtta og fylkesdirektøren løyver midlar til turneen.</p>					
Budsjett:	322 000	Søknadssum:	60 000	Vedtak: 20 000		

Tiltak: 19/2138-9	Dansegalla på Skei	Søkjar:	Skei Dansegalla			
Innhald:	Dansegallaen vert arrangert kvar år på Skei. Det samlast danseglade, både lokale og frå regionen. Det er i stor grad basert på dugnadsarbeid og samarbeid. Dei søker om tilskot til vidare drift og til investering i utstyr.					
Vurdering:	Tilskot til drift vert gitt til fylkesdekkande organisasjonar med tydeleg grunngjeving innan kultur og idrettsfeltet og med eit regionalt nedslagsfelt. Slik fylkesdirektøren ser er ikkje Skei dansegalla ein fylkesdekkande kulturorganisasjon og kan ikkje løyve driftstilskot til dansegalla. Arrangementet har elles eit kommersielt potensiale som gjer at fylkesdirektøren vurderer at arrangementet ligg utanfor det dei offentlege midlane er tenkt å stimulere til. Etter retningslinene kan det heller ikkje løvvast tilskot til utstyr. Søknaden frå Skei dansegalla vert avslegen.					
Budsjett:		Søknadssum:	30 000	Vedtak: 0		

Tiltak: 19/2138-11	Festival/konsert –rock	Søkjar:	Holkerock	
Innhald:	Holkerock vart etablert i 2018 og har til formål å gjed dei som likar rock i fylket eit festivaltilbod. Formålet er å fremje lokale band innanfor sjangeren og nå ut til fans og besökande i alle aldrar med sin musikk. Målet er å ha første arrangement i juli over ein dag i Holmedal. Det er planlagt at festivalen skal bli eit årleg arrangement som veks i omfang og varighet for kvart år. Inntektene vil vere offentleg støtte, sponsorinntekter og billettinntekter			

Vurdering:	Holkerock har som formål i dag å fremje lokale band, men å nå ut til heile fylket. Arrangør er og lokal. At det vert jobba aktivt for å gje publikum gode konsertar og opplevelingar og lagar gode møteplassar er bra. Fylkesdirektøren ser likevel på dette lokalt arrangement og søknaden frå Holkerock vert avslegen.			
Budsjett:	317 000	Søknadssum:	50 000	Vedtak: 0

Tiltak: 19/2138-10	Musikkfestival på Fanøy	Søkjar:	Havblikk	
Innhald:	Havblikk er ein frivillig organisasjon som har arrangert sommarkonsertar på øya Fanøy sidan 2016. Organisasjonen har som formål å arrangere konsertar på heilårsbasis, samt festivalarrangement om sommaren. Målgruppa strekke seg over fylkesgrensa og er i alderen 20-35 år. Arrangementet er basert på frivillig arbeid og har stort fokus på kompetanseheving. Organisasjonen har hatt tett samarbeid med BRAK og bygd eit nettverk innanfor musikk- og festivalbransjen i fylket. På scena i år står bl.a. Valkyrien Allstars m.fl. Det er søkt kommunen om tilskot. Inntektene vil vere offentlege tilskot, sponsorinntekter og salsinntekter.			
Vurdering:	Hovudutval for næring og kultur har gjort vedtak som gjeld føringar og prioritering av kulturmiddlar. Her blir det slått fast at fylkeskommunen skal vere regional utviklar. At det vert jobba aktivt for å gje publikum gode konsertar og opplevelingar og lagar gode møteplassar er bra. Fylkesdirektøren vurderer likevel tiltaket til å ikkje å vere regionalt og søknaden frå Havblikk vert avslegen.			
Budsjett:	248 104	Søknadssum:	20 000	Vedtak: 0

Tiltak: 19/2138-9	Fylkesturne med Hakkebakkeskogen	Søkjar:	Anders Alvoro Gjengedal Nydal	
Innhald:	Søkjar har regi/koreografi i eit amatörtetar som ynskjer å reise på fylkesturne med Hakkebakkeskogen av Torbjørn Egner. Det var sett opp 1 forestilling i 2018 og ser for seg fleire forestillingar i fylket. Teateret har berre amatørar som deltek. Dei vil ha fokus på det å drive med teater, dans og song saman.			
Vurdering:	Fylkesdirektøren ser det som positivt at det vert starta opp med amatørteater i fylket. Fylkeskommunen sitt teaterengasjement går hovudsakleg gjennom støtte til Sogn og Fjordane teater, og via turnear gjennom Den kulturelle skulesekken. Søknaden vert avslegen.			
Budsjett:	20 000	Søknadssum:	20 000	Vedtak: 0

Tiltak: 19/2138-9	På sjøen	Søkjar:	Maritime Bergen v/Siv Remøy-Vangen	
Innhald:	Maritime Bergen er ein nettverksorgasjonsjon som skal ivareta interessene til medlemar i Hordaland og Sogn og Fjordane. «På Sjøen» skal arrangerast i september og er ein konferanse der «seilende» kvinner, uavhengig av jobb, møtest, får faglig påfyll, deler erfaringar, m.m.			
Vurdering:	Fylkesdirektøren ser det som positivt at det vert jobba aktivt for å ivareta og lage gode møteplassar. Tilskot til arrangement og arrangementstøtte vert ikkje prioritert i samband med fordeling av fylkeskommunale kulturmiddlar. På bakgrunn av dette avslår fylkesdirektøren søknad om tilskot til «På Sjøen».			
Budsjett:	750 000	Søknadssum:	60 000	Vedtak: 0